



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 642.0

Sak nr 7/2020

Møtedato: 11.2.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Revisjon av fiskereglar

Fjellstyret brukar ha ein gjennomgang av fiskereglane kvar fjellstyreperiode. Regulering av fiske er heimla i §§ 28-31 i fjellova.

Gjeldande fiskereglar vart vedteke i 2016:

§1. *Utanbygdsbuande og utlendingar har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre. Det er tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det lov å bruke inntil 5 pilkestikker. Stong eller handsnøre som er sett ut blir rekna som faststående reiskap jf. §2 og er ikkje tillete.*

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- *Ordninga gjeld frå 1.6 til 15.9.*
- *Bruk av båt er tillete og det kan brukast 1 oterar pr. fiskar*
- *All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er.*
- *Det skal innan 1 veke etter avslutta fiske rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk./kg).*

§2 *Innanbygdsbuande har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong, handsnøre, oter og faststående reiskap (utstenglar, line, ruse og botngarn). Som innanbygds er å rekne dei som er står registrert som fast busett i Vestre Slidre kommune og har vore det siste 12 månader.*

Reglar for fiske med faststående reiskap og oter:

Vatn	Stk.garn el. line pr båtlag	Minste maskevidde	Lengde på garn og line	Bruk av oter, line, ruse og garn er tillete i tida
Storfjorden	12	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Grønsenn	10	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Rensenn	10	fritt	25 m	fom 1.6 tom 15.9
S.Syndin M.Syndin N.Syndin (del i V. Slidre), Nestisvatnet Mosvatnet, Halvorstølstj./Matkista	8	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Keltjednet Strøstjednet, Svulttjedet, Skruvietjednet	4	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Andre vatn	Fiske med faststående reiskap er ikkje tillete, unnateke er fiske med utstenglar jf. §2 siste ledd			

- *Faststående reiskap skal på godt synleg flytemerke vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.*
- *Kvart båtlag kan ikkje fiska med faststående reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag. Dette gjeld ikkje ved fiske i Rensenn.*
- *Fiskaren må delta både ved utsetting, ettersyn og opptaking av faststående reiskap.*
- *Hjelpemannskap under fisinga treng ikkje vera innanbygds eller ha løyst fiskekort.*
- *Ved fiske med utstenglar, er talet på utstenglar avgrensa til maksimalt 5 stk.*

§3 *Fiskekort må vera med under fisket og visast ved kontroll.*

§4 *Barn og ungdom t.o.m. 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong eller handsnøre, men alder må kunne dokumenterast ved kontroll.*

§5 *Alt fiske er freda i perioden f.o.m. 16.9 til vatna er islagte.*

§6 *Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast f.o.m. 1.6 t.o.m. 15.9.*

§7 Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i fjellov og offentlege forskrifter/lover.

§8 Brot på reglane er straffbart, jf. fjellovas §37.

§9 Det er lov å bruk båtmotor i Nørre Syndin, Midtre Syndin, Sørre Syndin og Storfjorden med dei avgrensingar i motorstyrke som gjeld i kommunal forskrift for motorisert ferdsel i utmark.

§9 Reglane tek til å gjelde frå og med

Ev. endringar frå noverande reglar:

Oterfiske for utanbygdsbuande:

I ettertid (2019) er det gjennomført ein prøveordning med oterfiske i Storfjorden for utanbygdsbuande. Dette er godt mottatt av dei som har nytta ordninga, og det er per nå ikkje komme negative tilbakemeldingar på at innanbygdsbuande syntes dei vart fortrengte pga. plassmangel osv. Det var i 2029 seld 53 kort med ei omsetning på kr 9 500,- (brutto).

Det er grunn til å anta at omsetninga vil kunne stige noko, då det er fleire i ettertid som har sagt dei ikkje var klar over dette tilbodet, og ynskjer at det kjem tilbake. Teoretisk inntektspotensiale om alle 3 kort pr. dag vert seld er kr 32 000,-.

Det var sendt ei klage på vedtaket om oterfiske, men klaga vart ikkje take til følge hjå departementet.

Fjellstyret må då ta stilling til om dette er ei ordning som dei ynskjer å vidareføre/ev. med endringar eller om prøveordninga skal avsluttast.

Administrasjonen finn at dette er ei god ordning som ikkje burde få negative verknader for innanbygds brukarar då det er eit lite tal kort som vert seld pr. dag, i ein avgrensa sesong (utanom garnfiske-sesongen). Dei fleste andre fjellstyre i Oppland har og tilsvarende tilbod, og det er eit moment å kunne tilby ulike fiskekort til utanbygdsbuande så lenge dei ikkje vert reduserande/øydeleggande for innanbygds – særskild sett i lys diskusjon kring ny fjell-lov.

Forslag til nytt tillegg under §1:

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Storfjorden mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld frå 15.6 til 15.8. med maksimalt 3 kort pr. dag
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 1 oter pr. fiskar (maks 10 floger).

Reglane som gjeld i Rensenn er tilpassa det nye som foreslås for Storfjorden (1 oter pr. fiskar og maks 10 floger pr. oter), slik at det vert samordna regler. Dette gjeld berre utanbygds.

Auka garnfiske for innanbygdsbuande:

Det kunne på sikt vore ein tanke å gje moglegheit for meir garnfiske i særskilde vatn, td Storfjorden. Men dette burde skje på den delen av sesongen det ikkje påverkar det opne turistfisket. Eks kunne ein auka talet på garn frå 12 til 16 i Storfjorden, men at dette berre gjaldt på hausten, eks 25 august – 15. september. Dette er jo den beste garn tida, og er minst til hinder for andre fiskarar. Det er og komme rapportar frå mange fiskarar at de synes snitt-storleiken på ørreten er noko mindre enn før i Storfjorden. Eit auka garnfiske vil betre på dette.

Det vil verte take skjell prøvar i større grad fremover, slik at ein får meir fakta grunnlag kring fiskebestanden, og ser ein endringar som følgje av auka garnfiske kan ein endre dette i ettertid.

Forslag til nytt tillegg under §2, nytt kulepunkt:

I perioden f.o.m. 25. august t.o.m. 15. september kan det nyttast inntil 16 garn i Storfjorden pr. båtlag.

Merking av reiskap på utstenglar for innanbygdsbuande:

Presisere i reglane at merking av reiskap og gjeld ved utstenglar på isen.

Vestre Slidre kommune/Terje Karlsen skriv i e-post 4.2.20: *Vestre Slidre kommune har ingen merknader til dei foreslåtte endringane i samband med revisjon av fiskereglane i Vestre Slidre statsalmenning.*

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag v/Tom Erik Skoheim tilrår framlegg til endringar og skriv følgjande i e-post datert 5.2.20: *Flertallet av Vsfl stiller seg bak fjellstyret sitt vedtak*

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å vidareføre fiskereglar frå 2016, med følgjande tillegg:

1. Nytt tillegg under §1:
Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Storfjorden mot løysing av eige fiskekort.
 - Ordninga gjeld frå 15.6 til 15.8. med maksimalt 3 kort pr. dag
 - Bruk av båt er tillete og det kan brukast 1 oter pr. fiskar (maks 10 floger).
2. Nytt tillegg under §2, nytt kulepunkt:
I perioden f.o.m. 25. august t.o.m. 15. september kan det nyttast inntil 16 garn i Storfjorden pr. båtlag.
3. Nytt tillegg under §2, tillegg til kulepunkt nr 5:
Utstenglar skal merkast med fiskaren sitt namn og adresse
4. Reglane for Rensenn vert tilpassa det nye som gjeld for Storfjorden (1 oter pr. fiskar og maks 10 floger pr. oter.
5. Reglane tek til å gjelde frå og med 15.03.2020.

Anne Berit Strømmen Stand og ektefelle til Gerd Nanti Vika Helle klaga over fjellstyrevedtak 7/19 der oterfiske vart vedteke som prøveordning. Departementet tok ikkje klagen til følgje. Styret vurderte om Strand og Helle var habile til behandle saka. Styret fann begge habile i saka.

Anne Berit Strømmen Strand la fram forslag om slette punkt 1, 2 og 4. Framlegg frå Strand fekk to stemmer og framlegg frå administrasjon fekk tre stemmer.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vidareføre fiskereglar frå 2016, med følgjande tillegg:

1. Nytt tillegg under §1:
Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Storfjorden mot løysing av eige fiskekort.
 - Ordninga gjeld frå 15.6 til 15.8. med maksimalt 3 kort pr. dag
 - Bruk av båt er tillete og det kan brukast 1 oter pr. fiskar (maks 10 floger).
2. Nytt tillegg under §2, nytt kulepunkt:
I perioden f.o.m. 25. august t.o.m. 15. september kan det nyttast inntil 16 garn i Storfjorden pr. båtlag.
3. Nytt tillegg under §2, tillegg til kulepunkt nr 5:
Utstenglar skal merkast med fiskaren sitt namn og adresse
4. Reglane for Rensenn vert tilpassa det nye som gjeld for Storfjorden (1 oter pr. fiskar og maks 10 floger pr. oter.
5. Reglane tek til å gjelde frå og med 15.03.2020.

Vedtaket vart vedteke med tre stemmer mot to stemmer. .

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag